



Møtebok for Ulvik fjellstyre

Stad: Fjellstyrekontoret, Ulvik

Dato: 12.11.18

Klokkeslett: 18.30 – 21.00

Tilstades på møtet

Medlem:

Knut Sygnesteit
Stig Yngve Røkenes
Atle Ulgenes
Ingrid Sponheim
Lars Helge Ljone

Sekretær:

Harald Normann Andersen

Saksliste

- | | |
|-------|---|
| 25/18 | Referat og meldingar |
| 26/18 | Gjennomgang av reinsjakta, småviltjakta og fiske 2018 |
| 27/18 | Ny fjellov |
| 28/18 | Økonomi pr. 31.10.18 |
| 29/18 | Tenestekjøp 2019 |
| 30/18 | Solcelleanlegg og byting av kledning på Søre Grøndalshytta |
| 31/18 | Realisere utleige av Søre Grøndalshytta, Dyrehola og Ripsebu på Inatur.no |

Underskrifter

Me stadfester at møteboka er rett:

Knut Sygnesteit Stig Yngve Røkenes Atle Ulgenes Lars Helge Ljone Ingrid Sponheim

Kopi til

- Fjellstyremedlemmer
- Varamedlemmer
- Fjellstyrå på Hardangervidda, Vinjesvingen 665, 3890 Vinje
- Fjellstyrå kring Hardangervidda
- Hardangervidda Fjeloppsyn as. P.b. 2, 5731 Ulvik
- Statskog SF, Storgata 64 A, 2609 Lillehammer

Sak 25/18 Meldingar og referat

Saksdokument:

2018.06.14-612.1.Fellingsløyve 2018 Hardangervidda villreinområde
2018.06.18-612.1.Fellingsløyve 2018 Nordfjella villreinområde
2018.07.10-621.4.Pålegg om å teste hjortevilt for skrantesjuke
2018.07.17-152.0.Forsikringsdokument
2018.08.20-621.2.Kalveteljing Hardangervidda 12.juni 2018
2018.09.11-621.2.Kalveteljing Hardangervidda 03.juli 2018
2018.08.28-001.1.Høyring- Ny fjellov
2018.09.03-612.1.Orientering om dispensasjonssøknad for bruk av fellingsløyver på tvers av villreinområde
2018.09.05-612.1.Dispensasjon for å benytta fellingsløyve på tvers av villreinområde
2018.09.11-352.1.Innkalling til møte i Finse forum 17.09.18
2018.10.09-011.3.HøringsuttalelseNFS0210jb.Ny fjellov
2018.10.11-612.8.Fellingsrapport 2018 Nordfjella villreinområde
2018.10.22-612.8.Fellingsrapport 2018 Hardangervidda villreinområde
2018.10.29-123.0.Innkalling til årsmøte i Ulvik Rekneskapslag SA
Stig Røkenes informerte styret om dispensasjonssøknad for bruk av fellingsløyve på tvers av villreinområde. I tillegg refererte han fra siste møte i Nordfjella villreinutval 06.11.18.

Sak 26/18 Gjennomgang av reinsjakta, småviltjakta (foreløpige tal) fiske 2018

Saksdokument:

Ingen

Saksutgreiing:

Sekretær informerte

Framlegg til vedlegg:

Ingen

Vedtak:

Styret tek orienteringa til vitande

Sak 27/18 Ny fjellov

Saksdokument:

Høyringsbrev NOU 2018:11 Ny fjellov

Høyringsuttale NSF – NOU2018: 11 Ny fjellov

Saksutgreiing:

Landbruks- og matdepartementet sendte 2908.18 NOU 2018: 11 Ny fjellov på høyring.

Utredninga frå Statsallmenningslovutvalget vart overlevert til departementet 22. juni 2018. Statsallmenningslovutvalget har i NOU 2018:11 foreslått ein ny lov til erstatning for lov 6. juni 1975 om rettar og lunnende m.m i statsallmenningane og lov 19. juni 1992 om skogsdrift i statsallmenningane.

Norges Fjellstyresamband (NFS) har 09.10.18 kome med utkast til høyringsuttale til Ny Fjellov.

NFS representerer alle 94 fjellstyre og har fyljande synspunkt til ny fjellov:

«NFS støtter flertallsforslagene i NOU 2018:11 Ny fjellov.

NFS konstaterer at lovutvalget er enstemmig i mange viktige spørsmål. I de spørsmål utvalget er delt, er det et stort flertall og et lite mindretall. NFS viser til at flertallsforslagene bygger et bredt kompromiss. Statsallmenningene ivaretar mange rettigheter og interesser og NFS vil understreke at bred enighet er en viktig forutsetning for en effektiv og god forvaltning av statsallmenningene.

NFS mener flertallsforslagene vil bidra til forenkling og modernisering. Flertallsforslagene vil sikre en bærekraftig bruk av statsallmenningene til beste for de med allmenningsrett, for samisk reindrift, for lokalsamfunnene og for storsamfunnet.

Flertallsforslagene styrker det lokale selvstyret og innebærer overføring av oppgaver fra statlig til lokalt folkevalgt nivå. Forslagene legger til rette for mer lokal verdiskaping basert på ressursene i statsallmenningene. Flertallsforslagene vil bidra til bedre folkehelse og bevaring av viktige tradisjoner for jakt, fiske og friluftsliv. De vil bidra til mer effektiv bruk av fellesskapets ressurser.

Flertallsforslagene viderefører Statskog SF som grunneier i statsallmenningene, og skiller rollen til staten som eier og som myndighet i statsallmenningene».

Måla som NFS har satt seg for arbeidet med ny fjellov er godt teken vare på i lovutvalet sitt fleirtalsframlegg. NFS oppmodar alle fjellstyre og flest mogleg av andre høyringsinstansar til å stå samla i sine høyringssvar. Styret i NFS har difor vedteke at målet for høyringa skal være å ta sikte på å sikre oppslutning om fleirtalsframlegga frå lovutvalet.

Saka om høyringsuttale til ny fjellov kjem opp på haustmøtet 23. november. Intensjonen er at Fjellstyna på Hardangervidda kjem med ein felles uttale til ny fjellov. Det er sjølv sagt viktig at kvart fjellstyre diskuterer framlegg til ny fjellov slik at fjellstyret sin representant i FH kan ta med det einskilde fjellstyre sine synspunkt på haustmøtet.

Framlegg til vedtak:

Ulvik fjellstyre støttar NFS sitt framlegg til høyringsuttale.

Vedtak:

Samrøystes

Sak 28/18 Økonomi pr. 31.10.18

Saksdokument:

Resultatrekneskap pr. 31.10.18

Saksutgreiing:

Sekretær informerte

Framlegg til vedtak:

Ingen

Vedtak:

Styret tek orienteringa til vitande

Sak 29/18 Tenestekjøp 2019

Saksdokument:

Tenestekjøp 2018

Saksutgreiing:

Sekretær i FH, Sveinung Olsnes har etter å ha sett framlagt budsjett konkludert med at neste år vil by på økonomiske utfordringar.

Det må jobbast med alternative inntektskjelder for å halde aktiviteten på noverande nivå. Dette er ein prosess som tek tid og som ein må jobbe langsiktig med.

For å kunne møte neste år med så gode tal som mogeleg i budsjettet ynskjer eg at alle fjellstyrta tek opp som sak på neste nivået på tenestekjøpet for 2019.

Med det meiner sekretær i FH at dersom det er fjellstyre som ser at dei har behov for ekstra tenestekjøp kjem med signal om dette no. Det kan vere auka aktivitet på sekretærtenester eller praktiske gjeremål i felt. (bygge/vedlikehaldsprosjekt mm)

Dersom det er fjellstyre som av ulike årsaker ser at dei ikkje kan oppretthalde tenestekjøp på minimumsnivå (årets kostnad korrigert for prisvekst) så er det og naudsynt å få signal om no.

Referat:

Styret ser behov for å halde trykket oppe i høve opprusting og vedlikehald av hyttene/buene på Osafjellet, og det vert fokusert på følgjande tiltak komande år:

- Kvilinganutvatnet,- oppretting av naust, byte tak og kledning.
- Søre Grøndalshytta, Dyrahola og Ripsebu – montere solcelleanlegg
- Søre Grøndalshytta byting av kledning og eit glas samt montere skodder for glas.
- Rundavassbu – drenering av vatn rundt bua samt tetting innvendig for mus, lage hyller og montere lufting.

I tillegg ser styret behov for meir småvilttoppsyn, og da spesielt i Finsetraktene i starten av jakta. Det er kome inn meldingar til fleire i styret om at det vert jakta mellom hyttene på Finse, og at fleire av jegerane ikkje held seg innanfor kvotebegrensinga på 2 ryper pr. dag.

Framlegg til vedtak:

Styret ynskjer å auke tenestekjøpet med 80.000,- slik at samla tenestekjøp inkl. drift av FH (politisk del) vert om lag 370.000,- i 2019.

Vedtak:

Samrøystes

Sak 30/18 Solcelleanlegg og byting av kledning på Søre Grøndalhytta**Saksdokument:**

Ingen

Saksutgreiing:

Det vart på eit tidlegare møte nemnd at det var på tide å byte kledning på Søre Grøndalshytta. Dette vart utsett førre vinter da det vart prioritert å byte kledning på Sankebu. Dette er no gjort så da vil det vere riktig å prioritere hytta i Søre Grøndal komande vinter.

Det er hensiktsmessig at HF utfører arbeidet i samanheng med tilsyn, brannvernkontroll og anna transport til og frå på Osafjellet.

Det er og komen framlegg om å montere solcelleanlegg på dei mest brukte hyttene, noko sakshandsamar er heilt einig i. Det er ein tryggleik for dei tilsette at dei får moglegheit til å lade mobiltelefonar og nødnett da ein ofte er utanfor tilgang på strøm over fleire dagar. Lading av mobiltelefon er og eit gode som andre brukara av hyttene vil sette pris på.

Pr i dag er det berre Ulvik fjellstyre av fjellstyrer på Hardangervidda som ikkje har installert solcelleanlegg så sine hytter, så det er på tide at ein byrjar ein stad så får ein supplere med Dyrahola og Ripsebu dei komande åra.

Referat:

Når ein fyrst skal byte solcelleanlegg på Søre Grøndalshytta meinte styret at det hadde vore like greitt å montere solcelleanlegg på Dyrahola og Ripsebu samtidig, når fjelloppsynet likevel er i området vinterstid. Det er sjekka litt opp i priser på egna solcelleanlegg, og ein kjem langt med 25.000,- i materialkostnader for alle hyttene.

Framlegg til vedtak:

Hardangervidda Fjelloppsyn får i oppdrag å byte kledning samt installere solcelleanlegg på Søre Grøndalshytta, Dyrahola og Ripsebu komande vinter. Dagleg leiar tek kontakt med Sveinung Olsnes, dagleg leiar i Rauland fjellstyre for å få hjelp til å bestille solcelleanlegget. Olsnes har gode kontaktar og har installert fleire anlegg på fjellstyras sine hyttar på Hardangervidda.

Vedtak:

Samrøystes

Sak 31/18 Realisere utleige av Søre Grøndalshytta, Dyrahola og Ripsebu på Inatur.no**Saksdokument:**

Ingen

Saksutgreiing:

Det vart i sak 29/16 gjort vedtak om å ta sikte på å leige ut dei 4 låste husvære på Osafjellet på Inatur sine salssider. Dagleg leiar har arbeidd med Inatur sine løysingar, og fjellstyre vil i løpet av kort tid ta i bruk denne salskanalen. Det vart vedtatt at hyttene vert «låst» for utleige i perioden 10. august – 30. september, og at denne perioden vert prioritert for innanbygdsbuarar.

Framlegg til vedtak:

Dagleg leiar ferdigstiller bookingsidene, og legg desse ut på Inatur når dei er klare. Styret ynskjer å «låse» hyttene for utleige under villreinjakta i perioden 19. august – 30. september. Memorgebu vert ikkje ein del av tilbodet på Inatur komande år, men fjellstyre vil vurdere om og denne på sikt skal leigast ut via Inatur.

Vedtak:

Samrøystes